

# Møteprotokoll for Utval for levekår

**Møtedato:** 12.09.2017  
**Møtestad:** Formannskapssalen  
**Møtetid:** 09.00 – 14.30

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Utvalsleiar
Stian Lavik	KRF	Nestleiar
Kjersti Vikebø Nesse	AP	Medlem
Thomas H. Wallem	H	Medlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem
Marthe Aadland	H	Varamedlem
Roy Tore Skaar	FrP	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Beate Seveline Eknes	V
Tom Inge Karlsen	AP
Ørjan Evald Kristiansen	Uavh
Øystein Berland Blom	H

---

## Desse møtte frå administrasjonen:

---

Helge Kvam  
Rådmann Martin W. Kulild og ordførar Øyvind Oddekalv i sak 59/2017  
Helsesjef Tord Moltumyr og fagleiar Petter Lingjerde i sak 60/2017  
Leiar Meland sjukeheim Randi Minde i sak 61/2017  
Leiar kultur Eirik Utne i sak 62/2017 – 64/2017, 67/2017 – 70/2017  
Kultur- og ungdomskonsulent Ane Bysheim i sak 63/2017 og 70/2017  
Prosjektleiar Ronny Landaas i sak 66/2017

## Sakliste

Saknr	Tittel
56/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste
57/2017	Godkjenning av møtebok
58/2017	Referatsaker
59/2017	Tiltak for å sikre elevar eit trygt og godt skulemiljø
60/2017	Orientering fra tenesteområde Helse om tilbodet for personar med psykiske helse- og/eller rusvanskar
61/2017	Orientering kapasitet sjukeheim og heimeteneste
62/2017	Meieriet på Frekhaug til kulturføremål - orientering om framdrift
63/2017	Orientering fra UNG Meland
64/2017	Arbeidsgruppe ungdomstilbod
65/2017	Resultat UngData 2017
66/2017	Informasjon om status byggjeprojekt Grasdalen og Sagstad skule
67/2017	Rullering av Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014-2019 på deltema parkeringsplassar, rasteplassar og utsiktspunkt
68/2017	Søknad om stipend til motorcross
69/2017	Kulturstipend 2017
70/2017	Tv-aksjonen 2017 "Hvert barn er en mulighet"
71/2017	Aktuelle saker

## **56/2017: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

### **12.09.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR**

Leif Johnsen (MDG) var ikkje med ved handsaming av denne saka.

### **ULK - 56/2017 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

---

## **57/2017: Godkjenning av møtebok**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møtebok vert godkjent.

### **12.09.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR**

Leif Johnsen (MDG) var ikkje med ved handsaming av denne saka.

### **ULK - 57/2017 VEDTAK:**

Møtebok vert godkjent.

---

## **58/2017: Referatsaker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering.

### **12.09.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR**

Leif Johnsen (MDG) var ikkje med ved handsaming av denne saka.

Referatsak 58/2017.1:

Utval for levekår sender desse deltakarane på konferanse Velferdsteknologi 07.11.17: Kjersti V. Nesse, Stian Lavik, Sølvi Knudsen og Leif Johnsen.

### **ULK - 58/2017 VEDTAK:**

Meldingane vert tekne til orientering.

---

## **59/2017: Tiltak for å sikre elevar eit trygt og godt skulemiljø**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

«Kommunestyret vedtek alternativ ein i saksutgreiinga. Innspel frå workshop i Utval for levekår 30.5.2017 vert handtert innanfor tenesteområda sine eigne system. Skuleåret 2017-2018 skal skulane prioritere bruk av tid og kunnskap til å realisere dei nye reglande i § 9a i Opplæringslova om skulemiljø som er gjeldande frå 1.8.2017»

### **12.09.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR**

Leif Johnsen (MDG) var ikkje med ved handsaming av denne saka.

### **Endringsframlegg frå Sølvi Knudsen (Sp):**

"Kommunestyret viser til saksutgreiing og innspel frå workshop i Utval for levekår 30.05.17. Aktuelle tema frå workshop vert å handtere innan tenesteområde sine noverande system. Skuleåret 2017 - 2018 skal skulane prioritere bruk av tid og kunnskap til å realisere dei nye reglane i § 9 a i Opplæringslova om skulemiljø, som er gjeldande frå 01.08.17."

Endringsframlegget vart samrøystes **vedteke**.

### **Tilleggsframlegg frå Kjersti V. Nesse (Ap):**

"Kommunestyret ber rådmann etablere eit 2-årig prosjekt for perioden 2018 - 2019. Kostnad er estimert til kr. 2 million, og vert fordelt som følgjer per år:

- Kr. 800.000,- til miljøarbeidarstilling (100%). Stillinga skal sikre prosjektleiing, leiing av beredskapsteam mot mobbing, planarbeid og leggje til rette for dialog, nettverksbygging og miljøarbeid i skule- og ungdomsmiljø generelt. Dette arbeidet inkluderer samhandling med frivillige lag og organisasjonar.
- Kr. 200.000,- til rekrutteringsarbeid, kompetanseheving, nettverksbygging og dialogmøter. Prosjektarbeidet skal gje mulighet for å arbeide meir overordna, systematisk, langsiktig og breiare med omsyn til oppvekst- og skulemiljø. Tiltaket kan finansierast ved bruk av disposisjonsfond."

Tilleggsframlegget fekk **5 røyster for** (1 Sp, 2 H, 1 Frp, 1 Ap) og **1 røyst mot** (1 Krf), og vart såleis **vedteke**.

### **ULK - 59/2017 VEDTAK:**

Kommunestyret viser til saksutgreiing og innspel frå workshop i Utval for levekår 30.05.17. Aktuelle tema frå workshop vert å handtere innan tenesteområde sine noverande system. Skuleåret 2017 - 2018 skal skulane prioritere bruk av tid og kunnskap til å realisere dei nye reglane i § 9 a i Opplæringslova om skulemiljø, som er gjeldande frå 01.08.17.

Kommunestyret ber rådmann etablere eit 2-årig prosjekt for perioden 2018 - 2019. Kostnad er estimert til kr. 2 million, og vert fordelt som følgjer per år:

- Kr. 800.000,- til miljøarbeidarstilling (100%). Stillinga skal sikre prosjektleiing, leiing av beredskapsteam mot mobbing, planarbeid og leggje til rette for dialog, nettverksbygging og miljøarbeid i skule- og ungdomsmiljø generelt. Dette arbeidet inkluderer samhandling med frivillige lag og organisasjonar.
- Kr. 200.000,- til rekrutteringsarbeid, kompetanseheving, nettverksbygging og dialogmøter. Prosjektarbeidet skal gje mulighet for å arbeide meir overordna, systematisk, langsiktig og breiare med omsyn til oppvekst- og skulemiljø. Tiltaket kan finansierast ved bruk av disposisjonsfond.

---

**60/2017: Orientering fra tenesteområde Helse om tilbudet for personar med psykiske helse- og/eller rusvanskar**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Utval for levekår tek informasjon om tilbudet til personar med psykiske helse og/eller rusvanskar til orientering

**12.09.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR**

Leif Johnsen (MDG) var ikkje med ved handsaming av denne saka.

**ULK - 60/2017 VEDTAK:**

Utval for levekår tek informasjon om tilbudet til personar med psykiske helse og/eller rusvanskar til orientering.

---

**61/2017: Orientering kapasitet sjukeheim og heimeteneste**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Utval for levekår tek informasjon om status for kapasitet ved sjukeheim og heimeteneste til orientering.

**12.09.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR**

Leif Johnsen (MDG) var ikkje med ved handsaming av denne saka.

**ULK - 61/2017 VEDTAK:**

Utval for levekår tek informasjon om status for kapasitet ved sjukeheim og heimeteneste til orientering.

---

**62/2017: Meieriet på Frekhaug til kulturføremål - orientering om framdrift**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Utval for levekår tek orienteringa til vitande

## **12.09.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR**

Leif Johnsen (MDG) var ikkje med ved handsaming av denne saka.

### **ULK - 62/2017 VEDTAK:**

Utval for levekår tek orienteringa til vitande.

---

## **63/2017: Orientering fra UNG Meland**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Utval for levevilkår tek orienteringa til vitande

## **12.09.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR**

Leif Johnsen (MDG) var ikkje med ved handsaming av denne saka.

### **ULK - 63/2017 VEDTAK:**

Utval for levekår tek orienteringa til vitande.

---

## **64/2017: Arbeidsgruppe ungdomstilbod**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

## **12.09.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR**

Leif Johnsen (MDG) var ikkje med ved handsaming av denne saka.

### **Framlegg til vedtak frå Sølvi Knudsen (Sp):**

"Utval for levekår ser ikkje behov for å etablere arbeidsgruppe for ungdomstilbod på noverande tidspunkt."

Framlegget vart **samrøystes vedteke**.

### **ULK - 64/2017 VEDTAK:**

Utval for levekår ser ikkje behov for å etablere arbeidsgruppe for ungdomstilbod på noverande tidspunkt.

---

## **65/2017: Resultat UngData 2017**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Utval for levekår tek rapportar frå UngData 2017 til orientering. Utvalet er positiv til at resultat UngData vert nytta som eit av fleire kunnskapsgrunnlag til vidareutvikling av oppvekst- og skulemiljø i Meland kommune.

## **12.09.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR**

### **ULK - 65/2017 VEDTAK:**

Utval for levekår tek rapportar frå UngData 2017 til orientering. Utvalet er positiv til at resultat UngData vert nytta som eit av fleire kunnskapsgrunnlag til vidareutvikling av oppvekst- og skulemiljø i Meland kommune.

---

## **66/2017: Informasjon om status byggjeprojekt Grasdal og Sagstad skule**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

## **12.09.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR**

### **Framlegg til vedtak frå Sølvi Knudsen (Sp):**

Utval for levekår tek informasjon til vitande.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **ULK - 66/2017 VEDTAK:**

Utval for levekår tek informasjon til vitande.

---

## **67/2017: Rullering av Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014-2019 på deltema parkeringsplassar, rasteplassar og utsiktspunkt**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Utval for levekår godkjenner høringsutkast til rullering av *Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019*, på deltema parkeringsplassar, rasteplassar og utsiktspunkt. Høringsutkastet vert lagt ut med 3 veker frist, ved første høve.

## 12.09.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR

Leif Johnsen (MDG) var ikkje med ved handsaming av denne saka.

### **ULK - 67/2017 VEDTAK:**

Utval for levekår godkjenner høyringsutkast til rullering av *Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019*, på deltema parkeringsplassar, rasteplassar og utsiktspunkt. Høyringsutkastet vert lagt ut med 3 vekers frist, ved første høve.

---

## 68/2017: Søknad om stipend til motorcross

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Utval for levekår godkjenner at det vert ytt tilskot på kr 10 000 til Runar Halland Sudmann, etter retningsliner for kulturmidlar i Meland kommune, punkt 1.2-C: Stipend.

## 12.09.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR

### **Endringsframlegg frå Roy Tore Skaar (Frp):**

"Utval for levekår godkjenner at det vert ytt tilskot på kr. 20 000 til Runar Halland Sudmann, etter retningsliner for kulturmidlar i Meland kommune, punkt 1.2-C: Stipend."

### **Avrøysting:**

Endringsframlegget fekk **1 røyst for** (Frp) og **6 røyster mot** (1 Sp, 1 Krf, 1 Ap, 2 H, 1 MDG), og **fall**.

### **Endringsframlegg frå Stian Lavik (Krf):**

"Utval for levekår godkjenner at det vert ytt tilskot på kr. 5 000 til Runar Halland Sudmann, etter retningsliner for kulturmidlar i Meland kommune, punkt 1.2-C: Stipend."

### **Avrøysting:**

Endringsframlegget frå Stian Lavik (Krf) fekk **1 røyst for** (Krf) og **6 røyster mot** (1 Sp, 1 Ap, 2 H, 1 MDG, 1 Frp), og **fall**.

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak fekk **6 røyster for** (1 Sp, 1 Ap, 2 H, 1 MDG, 1 Frp) og **1 røyst mot** (Krf), og vart såleis **vedteke**.

### **ULK - 68/2017 VEDTAK:**

Utval for levekår godkjenner at det vert ytt tilskot på kr 10 000 til Runar Halland Sudmann, etter retningsliner for kulturmidlar i Meland kommune, punkt 1.2-C: Stipend.



## **69/2017: Kulturstipend 2017**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Utval for levekår godkjenner tildeling av Kulturstipendet for Meland kommune 2017 til Musisk integrering i tverrkulturelle musikkgrupper ved Kristine Fluge, på kr 17 000

## **12.09.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR**

### **ULK - 69/2017 VEDTAK:**

Utval for levekår godkjenner tildeling av Kulturstipendet for Meland kommune 2017 til Musisk integrering i tverrkulturelle musikkgrupper ved Kristine Fluge, på kr 17 000.

---

## **70/2017: Tv-aksjonen 2017 "Hvert barn er en mulighet"**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Utval for levekår tek informasjonen til vitande og ser fram til å medverke til årets innsamlingsaksjon.

## **12.09.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR**

### **Tilleggsframlegg frå Sølvi Knudsen (Sp):**

Aksjonskomité har møte 27.09 kl. 13.00.

### **Avrøysting:**

Tilleggsframlegget vart **samrøystes vedteke**.

### **ULK - 70/2017 VEDTAK:**

Utval for levekår tek informasjonen til vitande og ser fram til å medverke til årets innsamlingsaksjon. Aksjonskomité har møte 27.09 kl. 13.00.

## **71/2017: Aktuelle saker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

#### **12.09.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR**

1. Ved start av møte hadde rådmann dialog med Utval for levekår. Ordfører var tilstades. Aktuelle tema i dialogen var mellom andre rådmann sitt syn på:

- administrasjonen sitt fokus på tenester og forvaltning i perioden fram mot etablering av Alver kommune
- korleis sikre noverande tenestekvalitet
- omstillingsavtale
- ressursbruk aktuelle delprosjekt jfr. arbeid med ny kommune
- fokus på HTA og inkludering av tilsette og tillitsvalde

2. Rektor ved Meland ungdomsskule Hilde B. Hugaas gav Utval for levekår ei orientering om utført og pågåande arbeid relatert til valdssak på Frekhaug. Rådmann og ordfører var tilstades. Utval for levekår takka for god og informativ orientering.

#### **3. Kjersti V. Nesse (Ap):**

Nedenfor Grasdals skule har BKK gravd ned en høgspenlinje og gruset oppå. Det mangler ca 50 meter på enden av denne grusvegen til å møte enden på vegen oppe i Drageneset. Dette kunne blitt en flott tursti og alternativ skuleveg for de som bur i området.

#### **4. Stian Lavik (Krf):**

Utval for levekår ynskjer å setja fokus på utfordringar i ungdomsmiljøet i Meland. Administrasjonen melder tilbake til utvalet etter ordfører sitt møte med fagetatane og sett dette opp som eiga sak.

5. Kjersti V. Nesse (Ap) orienterte frå møte i SU ved Grasdals skule. Referat frå møte vert lagt som melding til neste møte i Utval for levekår.

-----